



Aurland kommune
Rådmannen

delk 87

Aurland kommune	
II	
Saksnummer: 200605491	Dato: 24/11/06
Kategori: K: -501	

Aurland, 21.11.2006

Kultur - og kirkedepartementet
Kirkeavdelinga
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO

Vår ref.
06/831-5

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Eli Johanne Ohnstad, 57 63 29 32

Arkiv
K2-C84, K3-&13

NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke - høyring

Vedlagt følger Aurland kommune si uttale vedk. tilhøve mellom kyrkja og staten.

Uttalen var handsama i kommunestyret i møte 16.11.06, som sak 094/06. Det vart røysta over tre ulike framlegg, og representantane i kommunestyret bad difor om at heile saka vart lagt ved.

Med helsing

Eli Johanne Ohnstad
Eli Johanne Ohnstad
politisk sekretær

Vedlegg:

J.dato	Tittel
07.11.2006	Tilhøve mellom kyrkje og stat - uttale
21.11.2006	Spørjeskjema



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
094/06	Kommunestyret	16.11.2006

Saksansvarleg: Eli Johanne Ohnstad

Arkivsaknr.:
06/831-4

Arkiv
K2-C84, K3-&13

Sakshandsamar

Dato
07.11.2006

Tilhøve mellom kyrkje og stat - uttale

Kort samandrag

Ved kongeleg resolusjon den 14.mars 2003 vart det oppnemnt eit utval ("Stat-Kirke-utvalget") for å utgreia tilhøvet mellom kyrkja og staten. Føremålet med utgreiinga var å gje grunnlag for å treffa beslutning om statskyrkjeordninga skal vidareførast, reformerast eller avviklast. I tillegg til spørsmålet om ordninga, vart utvalet bede om å vurdera:

- finansieringsordning
- gravferdsforvaltning
- ordningar for freda og verneverdige kyrkjer
- eigedomsrett til kyrkjer og kyrkjegardar
- framtida til "Opplysningsvesenets fond".

Utvalet gav si innstilling 31.januar 2006, og framlegga er no sende ut til høyring.

Formannskapet i Aurland vedtok 5.sept. 2006, i sak 71/06 og nedsetja eit utval for å komma med framlegg til høyringsuttale. Medlemar i utvalet har vore Åsmund Ohnstad, Hallgeir Høydal og Atle Winjum.

Utvalet her i Aurland legg fram ei tilråding som er delt i spørsmålet om organisasjon. Elles er tilrådinga samla:

Arbeidsgruppa si tilråding:

Ingen i utvalet ville halda på dagens statskyrkjeordning

Framlegg frå Atle Winjum (pkt 1):

- 1) Statskyrkjeordninga bør avviklast. På den eine side bør ikkje ein religiøs organisasjon bli styrt av staten, og på den andre side bør ikkje staten lovfesta ein bestemt religiøs organisasjon.

Dersom grunnlova skal slå fast eit verdisyn må det visast til klare og eintydige verdiomgrep.

Framlegg frå Åsmund Ohnstad og Hallgeir Høydal (pkt 1):

- 1) Statskyrkja i si noverande form bør avviklast. Kyrkja bør styra seg sjølv utan innblanding av staten. Grunngevinga er at religion og tru er ei privat sak som staten ikkje treng meina noko om.

Kyrkja bør vera knytt til staten ved ei eiga kyrkjelov. Den norske kyrkja bør gjevast ei særstilling i høve til andre trussamfunn av den grunn at eit stort fleirtal av befolkninga framleis vil tilhøyra den norske kyrkja, og det er naturleg at staten tek omsyn til eit klart fleirtal i folket.

Dersom statskyrkjeordninga i si noverande form vert avvikla, bør det i §2 i Grunnlova, i tillegg til prinsippet om religionsfridom stå at staten byggjer på det kristne og humanistiske verdigrunnlaget.

Felles framlegg (pkt 2,3,4):

- 2) Drifta av kyrkjeorganisasjonen bør finansierast i prinsippet som andre religiøse samfunn, med offentleg tilskot basert på medlemstal. Kyrkja må sjølv ta ansvar for restfinansiering av drifta.
- 3) Vedlikehald av gamle kyrkjebygg er i dag ein vesentleg kostnad for kyrkja. Mange av kyrkjebygga er kulturskattar. Både alder, bygningsform, -storleik og plassering gjer at den kulturelle og arkitektoniske verdien femner langt vidare enn den religiøse funksjonen. Dette tilseier at det vil vera feil å pålegga ein ikkje-statleg organisasjon å ta eit generelt ansvar for vedlikehaldet. Det offentlege kan verta sitjande som direkte eigar av langt fleire av kyrkjene enn i dag, og samstundes ha vedlikehaldsansvaret for desse. Til eit slikt føremål bør det vera uproblematisk å nytta til dømes "Opplysningsvesenets fond".
- 4) Kommunen bør ha det overordna ansvaret for gravferdsforvaltninga. Oppgåvene må kunna settast bort til andre.

16.11.2006 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Ottar Steine:

Framtidig kyrkjeordning

Statskyrkja bør holde fram som i dag. Regjering og Storting er det mest representative kyrkjestyret.

Finansiering

Drifta av kyrkjeorganisasjonen bør finansierast av det offentlege. Det bør ikkje vera medlemsavgift i kyrkja.

Gravferdsforvaltninga

Kyrkjeleg Fellesråd og den lokale kyrkja bør ha hovudansvaret for gravferdsforvaltninga. Kommunen har eit ansvar for å tilby alternative lokale til andre gravskikkar, for å tilby ulike trus- og livssynsmessige behov på ein tilfredstillande måte.

Vedlegg:**Vedlegg:**

J.dato	Tittel
07.11.2006	Staten og Den norske kirke - høyring

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**Saksutgreiing****”Stat-Kirke-utvalet” si innstilling:**

I dei fleste spørsmål er det delt innstilling frå utvalet. I fleire spørsmål er det fleire problemstillingar og fleire ulike mindretal. Hovudtrekka er:

I spørsmålet om kyrkjeordning går eit fleirtal på 18 inn for å oppheva dagens statskyrkjeordning. Eit mindretal på 2 ynskjer vidareføring av dagens ordning.

Av dei 18 vil 14 ha ei sjølvstyrd kyrkje forankra i ei eigi lov og ikkje som i dag. i grunnlova. 4 medlemar vil at kyrkja skal vera ein sjølvstendig organisasjon

Om statskyrkjeordninga vert oppheva, vil og §2 andre ledd i grunnlova verta oppheva. 13 av dei 20 medlemane meiner at det skal inn ein paragraf som viser særskilt til den kristne og humanistiske kulturarven. Mindretala meiner dels at det ikkje er nødvendig med dette, dels at verdiparagrafen skal vera klart konfesjonsfri.

Alle i utvalet meiner at det offentlege skal bidra til finansiering, men det er usemje både om fordeling av bidrag mellom stat og kommune, og fordeling av finansieringa mellom offentlege bidrag og medlemskontingent.

Eit fleirtal på 17 av 20 meiner at ansvaret for gravferdsforvaltninga skal ligga hjå kommunane.

Utvalet meiner at det må finnast særskilde finansieringsordningar for freda og verneverdige kyrkjer, uavhengig av framtidig kyrkjeordning.

Fleirtalet meiner at ordninga med at sokna eig kyrkjene skal vidareførast, og at Opplysningsvesenets fond tilfell kyrkja.

Økonomiske konsekvensar**Vurdering**

Freda og verneverdige kyrkje

Vedlikehald av gamle kyrkjebygg er i dag ein vesentleg kostnad for kyrkja. Mange av kyrkjebygga er kulturskattar. Både alder, bygningsform, -storleik og plassering gjer at den kulturelle og arkitektoniske verdien femner langt vidare enn den religiøse funksjonen. Dette tilseier at det vil vera feil å pålegga ein ikkje-statleg organisasjon å ta eit generelt ansvar for vedlikehaldet. Det offentlege kan verta sitjande som direkte eigar av langt fleire av kyrkjene enn i dag, og samstundes ha vedlikehaldsansvaret for desse. Til eit slikt føremål bør det vera uproblematisk å nytta til dømes "Opplýsningsvesenets fond".

Eigedomsrett

Den lokale sokna bør, som i dag, ha eigedomsretten til soknekyrkjene og dei lokale kyrkjefonda. Kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

RØYSTING:

Det vart røysta over alle uttaleframlegga.

Framlegg frå Atle Winjum:	2 røyster	
Framlegg frå Åsmund Ohnstad og Hallgeir Høydal:		6 røyster
Framlegg frå Ottar Steine:	13 røyster	

KS-094/06 VEDTAK:

Fleirtalsuttale frå Aurland kommunestyre:

Framtidig kyrkjeordning

Statskyrkja bør holde fram som i dag. Regjering og Storting er det mest representative kyrkjestyret.

Finansiering

Drifta av kyrkjeorganisasjonen bør finansierast av det offentlige. Det bør ikkje vera medlemsavgift i kyrkja.

Gravferdsforvaltninga

Kyrkjeleg Fellesråd og den lokale kyrkja bør ha hovudansvaret for gravferdsforvaltninga. Kommunen har eit ansvar for å tilby alternative lokale til andre gravskikkar, for å tilby ulike trus- og livssynsmessige behov på ein tilfredstillande måte.

Freda og verneverdige kyrkje

Vedlikehald av gamle kyrkjebygg er i dag ein vesentleg kostnad for kyrkja. Mange av kyrkjebygga er kulturskattar. Både alder, bygningsform, -storleik og plassering gjer at den kulturelle og arkitektoniske verdien femner langt vidare enn den religiøse funksjonen. Dette tilseier at det vil vera feil å pålegga ein ikkje-statleg organisasjon å ta eit generelt ansvar for vedlikehaldet. Det offentlege kan verta sitjande som direkte eigar av langt fleire av kyrkjene enn i dag, og samstundes ha vedlikehaldsansvaret for desse. Til eit slikt føremål bør det vera uproblematisk å nytta til dømes "Opplýsningsvesenets fond".

Eigedomsrett

Den lokale sokna bør, som i dag, ha eigedomsretten til soknekyrkjene og dei lokale kyrkjefonda. Kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

.....

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: AURLAND KOMMUNE

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

lovforankret, open og inkluderende

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette Røysting 13/21
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare